

Gjesteelevtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune inngår slik avtale om søkjarar frå Vanylven kommune og Hornindal kommune.

1.
 - a) Søkjarar frå Vanylven kommune med ungdomsrett i Møre og Romsdal kan, frå og med skuleåret 2019-2020, søkje plass ved skulane i Nordfjord. Det gjeld Eid, Stryn, Måløy og Firda vidaregåande skular. Søkjarane vert prioriterte gjesteelevar og får ungdomsrett i Sogn og Fjordane. Som prioritert gjesteelev konkurrerer søkjarane på linje med søkjarane frå Sogn og Fjordane.
 - b) Frå 1.1 2020 går Hornindal kommune over til Møre og Romsdal fylke og blir del av Volda kommune. Søkjarar frå tidlegare Hornindal kommune med ungdomsrett kan, frå og med skuleåret 2020-2021 søkje plass ved skulane i Nordfjord. Det gjeld Eid, Stryn, Måløy og Firda vidaregåande skular. Søkjarane vert prioriterte gjesteelevar og får ungdomsrett i Vestland fylkeskommune. Som prioritert gjesteelev konkurrerer søkjarane på linje med søkjarane frå Vestland fylkeskommune.
2. Avtalen gjeld inntak etter §3-1 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Retten til opplæring etter den nemnde paragrafen ligg hjå Møre og Romsdal fylkeskommune.
3. Søkjarane frå tidlegare Hornindal kommune og Vanylven kommune som søker på grunnlag av denne avtalen skal søkje om skuleplass via Sogn og Fjordane fylkeskommune sin Vigo. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir melding om inntak/venting.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune kunngjer tilbod og søknadsfristar på vilbli.no
5. For å dekke behovet for faglært arbeidskraft i grenseområda mellom dei to fylka skal ein samarbeide om å fremje søking til yrkesfaga.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune refunderer Sogn og Fjordane fylkeskommune for søkjarar som har fått inntak i Sogn og Fjordane. Refusjonen blir betalt med ein del om hausten og ein del om våren, etter nærare avtalte fristar. KS sine satsar skal nyttast som grunnlag for refusjonen.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune refunderer utgifter til spesialundervisning for elevane avtalen omfattar. Fylkeskommunane tek i kravet utgangspunkt i den sakkunnige vurderinga utarbeidd etter at eleven er starta i vidaregåande opplæring. Satsane for spesialundervisning er 790 kr. for pedagogtimar og 395 kr. for assistenttimar. Refusjonen blir betalt med ein del om hausten og ein del om våren, etter nærare avtalte fristar. Sakkunnig vurdering, enkeltvedtak og IOP skal ligge ved refusjonskravet.
8. Sogn og Fjordane fylkeskommune leverer PP-tenester og fattar enkeltvedtak for gjesteelevar som skal ha spesialundervisning. Utgifter til PP-tenester blir fakturert frå dei enkelte PP-kontora. Om Møre og Romsdal fylkeskommune

ønskjer å fatte enkeltvedtak og bruke egne PP-tenester må dette avklarast i dei sakene det gjeld.

9. Møre og Romsdal dekker utgifter til skuleskyss for elevane som vert tekne inn etter denne avtalen.

10. Avtalen kan seiast opp av begge avtalepartar, Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune, med eitt – 1 – års varsel.